



Saksbehandlar: Nils Mæhle
nme@hib.no 55587502

Vår dato: 02.06.2008
Dykkar dato:

Vår ref. 2006/992 - 0/031
Dykkar ref.:

Hordalandsbenken

Nybygg ved Høgskolen i Bergen

Vi viser til ei lang rekkje brev og møte, m.a. med alle statsrådene sidan 1994 og fleire møte med Hordalandsbenken.

Arbeidet for nybygg har historie tilbake til midten av 1980-åra. I samband med etableringa av Høgskolen i Bergen (høgskulereforma 1994) tok høgskulen hausten 94 konkret initiativ (brev til departementet) for å få på plass ei samlokalisering av dei 5 studiestadene, slik også høgskulereforma hadde som føresetnad.

Departementet sa ja til prosjektet, men sende samtidig høgskulen ut på ei endelaus ørkenvandring, der vi har vorte ein kasteball mellom mange aktørar både lokalt og nasjonalt. Høgskulen har gjort greie for denne reisa i brevet 16.10.07 til statsråden (vedlegg 1). Vi konstaterer i dag at HiB er den einaste høgare utdanningsinstitusjonen i Noreg som ikkje har fått midlar til nybygg eller til ombygging av bygningsmassen. Signal frå statsråden kan tyda på at vi i 2008 står der vi var i 1994. Dette forsterkar kjensla hjå studentar og tilsette ved HiB at vi vert haldne for narr av sentrale styresmakter.

Manglande avklaring med omsyn til nybygget er den største risikofaktoren for HiB, og slik avklaring er heilt utanfor herredømet vårt, jf brev 18.12.07 (vedlegg 2). Spesielt problematisk har det vore at departementet alle desse åra har sagt nei til midlar til heilt nødvendige ombyggingar av noverande bygningsmasse med nybygget som grunngeving.

I det første brevet hausten 1994 relatert til nybygget la høgskulen vekt på slike argument:

- Lite rasjonelt med 5 studiestader
- Bygningsmassen ikkje tenleg til høgskuleføremål, m.a. lite tilfredsstillande inneklime
- Altfor trengt i høve til studentmassen

Departementet var einig i denne situasjonsbeskrivinga. Statsbygg fekk oppdraget med nybygg, og planla med sikte på innflytting i 2003, etter at Stortinget i 1999 (budsjettet 2000) prioriterte nybygget vårt som nr 1 saman med Høgskolen i

Akershus. Dette var etter at statsråd Jon Lilletun alt i 1998 hadde bestemt seg for nybygget. Diverre vart Lilletun hausten same året overprøvt av Stortinget.

I dag gjeld dei same argumenta. Bygningsmassen er den same, inneklimaet er i strid med regelverket, og studenttalet har auka med 1000.

Arbeidsmiljøutvalet og Læringsmiljøutvalet behandla saka i eit ekstraordinært fellesmøte 27.05.08, og gjorde vedtak om fråsegn slik det går fram av vedlegg 3.

Vi viser til dette, og vonar at Hordalandsbenken vil medverka til at Høgskolen i Bergen får startløyving i 2009-budsjett.

Med helsing


Eli Bergsvik
rektor


Nils Mæhle
høgskuledirektør

Kopi med vedlegg: Statsråd Tora Aasland